

Niheld i sjukehussenga

• Landsdekkjande aksjon for å unngå nye kutt i talet på sjukehussenger

VOLDA

Reduksjonen i talet på sjukehussenger må stanse opp. Og lokalsjukehus med akutt-funksjon er viktig.

Det var hovudbodskapen då den landsdekkjande Nasjonal Helse-teneste-aksjonen nådde Volda sjukehus i går.

– Ein vidare reduksjon i talet på sjukehussenger går ikkje an her ved sjukehuset, sa overlege Inge Eskeland – og la til at dette var hans personlege meining.

Eskeland fortalde at sjukehuset no har 100 prosent belegg på medisinsk avdeling, medan det ideelle er 85 prosent.

– Vi har ikkje bemanning for så mange pasientar som det vi har no, la Eskeland til.

Han representerte i går leiinga ved sjukehuset då den lokale aksjonsgruppa overrekte ei sjukehusseng som ei symbolsk påminning om det ansvaret direktøren og styret i helseforetaket har for å sørje for nok senger ved sjukehuset.

Appell. Det var medlem i aksjonsgruppa, hjelpepleiar Synnøve Hill, som heldt appellen i resepsjonen på sjukehuset. Mange tilsette hadde møtt fram for å gje si støtte – vel å merke i matpausen, så ingen pasientar skulle lide naud.

Mottoet for aksjonen er «Plass nok for alle». Det vert mellom anna vist til at Norge ligg heilt i botnsjiktet i Europa når det gjeld sjukehussenger i høve til folketalet.

– Sidan 1980 er talet på somatiske sjukehussenger i Norge meir enn halvert. På berre sju år, frå 2007 til 2012, vart talet på psykiatriske senger redusert med 20 prosent, sa Hill.

Ho la til at eit stykke på veg var dette ei ynskt utvikling, og skuldast meir effektiv behandling, meir dagkirurgi og andre endringar innan kirurgien.

For langt. – Men no har denne utviklinga gått for langt, og det kan virke som mange ser det som eit mål i seg sjølv å ha eit helsevesen med færrest mogleg senger. Dette fører til dårlegare pasientbehandling, brutale



SJUKEHUSSENG: Frå venstre den lokale aksjonsgruppa, intensivsjukepleiar Siv Osdal, anestesilege Stephan Rossner og hjelpepleiar Synnøve Hill. Heilt til høgre overlege Inge Eskeland. FOTO: TERJE ENGÅS

FAKTA

- Nasjonal Helseteneste-aksjon er ein landsdekkjande organisasjon med professor Torgeir Bruun Wyller som øvste leiar.
- Denne gongen set dei søkjelyset på den store nedskjeriinga i talet på senger på norske sjukehus og innan eldreomsorga.
- I går kom aksjonen til Volda der ein også peika på betydninga av å ha eit lokalt sjukehus med akuttfunksjonar.

– Sidan 1980 er talet på somatiske sjukehussenger i Norge meir enn halvert

SYNNØVE HILL

utskrivingar og overfylte sjukehus, sa Hill.

Aksjonen set også søkjelyset på situasjonen innan eldreomsorga, og viser til at delen av befolkninga over 80 år som har ein sjukeheims plass er gått ned frå 20 prosent i 1992, til under 15 prosent i dag.

Dei meiner konsekvensen vert at pasientar stadig oftare blir sende som ein slags pakkepost mellom avdelingar, mellom sjukehus, mellom ulike sjukeheimar – og fram og tilbake mellom sjukehus og sjukeheimar.

TERJE ENGÅS
terje.engas@smp.no



OVERLEGE: Inge Eskeland er overlege ved Volda sjukehus.

Vil prioritere ny skule på Øyra

VOLDA

Auka eigedomsskatt kan gi byggestart for Øyra skule neste år.

Dette kjem fram i rådmann Rune Sjugard sitt budsjettforslag som kommunestyret fekk presentert torsdag.

Rådmannen vil investere 500 millionar kroner dei komande fire åra. Halvparten av summen vil gå til Øyra skule.

– Brutto lånegjeld vil kome over milliarden i 2018. Dette er ambisiøst, seier Sjugard, men

legg til at ein del av låna blir finansiert over sjølvkostområdet, leigeinntekter og tomtesal.

Føresetnaden for utbygging av Øyra skule er at eigedomsskatten blir auka frå to til fire promille. Dessutan vil rådmannen kutte 13,3 millionar kroner i drifta i perioden 2016 til 2018. Med bakgrunn i det allereie nøkterne tenestenivået, peikar rådmannen på at ein del av desse kutta må skje ved endring i strukturen på drifta.

I budsjettet foreslår rådman-

nen elles tiltak retta mot barn/unge, rus/psykiatri, funksjonshemma og sosialt vanskelegstilte. Det er også foreslått ei offensiv satsing på utbygging av bustadfelt og næringsområde dei komande åra.

Elles vil rådmannen byggje opp disposisjonsfond, for å få økonomisk handlingsrom. Sjugard presiserer at kommunen i åra framover må ha fokus på nøktern drift og god styring.

ANNE-MARI TOMASGARD
anne-mari.tomasgard@smp.no



SKULEUTBYGGING: Øyra skule tilfredsstiller ikkje krava til skulebygg. Rådmannen foreslår eit budsjett som legg opp til byggestart for ny skule neste år. ARKIVFOTO: KNUT ARNE AARSET